



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 25/04981-1
Saksbehandlar Helene Vedal

Utval	Møtedato
Hovedutvalg for utdanning og folkehelse	05.02.2025

Høyringsuttalelse til forskrift for kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Hovudutval for utdanning og folkehelse støttar forslag til forskrift for kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Vedlegg

Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementet tilskotspost 553.60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Høyringsnotat: Høyring av forslag til ny forskrift om tilskot til Kompetanse og arbeidskraft i distrikta over Kommunal- distriktsdepartementet sitt budsjett

Samandrag

Kommunal- og distriktsdepartementet la fram eit høyringsnotat 13. desember 2024 om forslag til forskrift for tilskotspost 553.60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta. Høyringsfristen er sett til 14. februar 2025.

Framover er det fylkeskommunane som skal forvalte tilskotet. Posten inneheld to løyvingar: Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving og Tilskot til studiesenter.

Fylkeskommunedirektøren støttar forslag til forskrift. Forslaget er tydeleg og gir fleksibilitet. Høyringssvaret trekker særleg fram moglegheita til å flytte midlar til ordninga for tilskot til studiesentera. Det blir også lagt vekt på viktigheita av tilstrekkeleg kapasitet og føreseielege rammer for både tilsette og studentar ved studiesentera.

Saksopplysningar

Kommunal- og distriktsdepartementet la fram eit høyringsnotat 13. desember 2024 om forslag til forskrift for tilskotspost 553.60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta. Høyringsfristen er sett til 14. februar 2025.

Forslaget til forskrift tek utgangspunkt i Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet for budsjettåret 2025, og gjeld tilskotsmidlar forvalta av fylkeskommunane.

Ordninga med Kompetanse og arbeidskraft i distrikta var ny i 2024, men er ikkje tidlegare forskriftsfesta. Frå 2025 omfattar posten to løyvingar: Mobilisering til utdanning og kompetanseheving og Tilskot til studiesenter.

Ordninga med tilskot til drift av studiesenter har tidlegare vore behandla i Kunnskapsdepartementet, men er frå 2025 overført til Kommunal- og distriktsdepartementet. Forskrifta angir fylkeskommunen som tilskotsforvaltar. Ordninga er overført frå Kunnskapsdepartementet (KD) til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) med grunngjeving om at distriktpolitiske omsyn skal bli vektlagt sterkare i fordelinga av midlar til studiesentera framover.

Fylkesfordelinga er alt vedteken i Statsbudsjettet 2025. Under tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving er Agder fylkeskommune tildelt 3 670 000 kroner. For ordninga tilskot til studiesenter er Agder fylkeskommune tildelt 612 000 kroner, av totalt 50 millionar.

Forskrifta opnar for at fylkeskommunane kan overføre midlar frå mobilisering til utdanning og kompetanseheving til ordninga tilskot til studiesenter. Midlar på sistnemnde ordning skal berre gå til studiesentera.

Mobilisering til utdanning og kompetanseheving.

Ordninga er føreslått som ei tilskotsordning til prosjekta som har som føremål å betre tilgangen på kompetent arbeidskraft i distrikta ved å auke mobiliseringa til utdanning og kompetanseutvikling blant befolkninga. Ordninga skal vidare styrke regional koordinering og regionalt samarbeid om metodar for å mobilisere og kvalifisere fleire til arbeid. Dette inkluderer også dei som står utanfor arbeidslivet

Tilskot til studiesentera

Ordninga er føreslått som ei tilskotsordning til drift av studiesentera. Løyvinga skal bidra til at utdanning og kompetanseutvikling blir tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette i verksemder i kommunar med sentralitetsindeks 4, 5 og 6, som ikkje kan følgje ordinær undervisning ved dei faste studiestadene. Forskrifta definerer eit studiesenter som ein fysisk møteplass og eit læringsmiljø utanfor dei etablerte studiestadene. Eit studiesenter legg til rette for desentralisert og fleksibel utdanning og kompetanseutvikling i distrikta i samsvar med behova til individ, arbeidsliv og offentlege og private verksemder. Verksemder og organisasjonar innanfor definisjonen kan søkje om tilskot, men det blir føreslått at det må liggje føre ein avtale mellom studiesenteret og utdanningstilbodet.

Vurderingar

Arbeidslivet i Agder har eit stort behov for kompetanse. Øyremerka midlar til kompetanseheving og arbeidskraft i distrikta gjer at fleire egder kan ta den utdanninga arbeidslivet har behov for, sjølv om dei ikkje kan følgje eit ordinært studieløp ved eit universitet eller høgskule.

Agder fylkeskommune er positiv til at tilskotspost 553.60 blir forskriftsfesta. Forskrifta sikrar at begge ordningane blir organiserte som tilskotsordningar, med fleksible kriteria. Dette sikrar at lokale initiativ synleggjerast og ordninga vil betre treffe regionale behov i Agders distriktskommunar.

Ordninga med driftstilskot til studiesenter blir tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette i verksemder i kommunar med sentralitetsindeks 4, 5 og 6. For Agder omfattar dette 20 av dei 25 kommunane. Ordninga famnar geografisk svært breitt, men tildeling basert på sentralitet aleine er ikkje tilstrekkeleg. Agder fylkeskommune meiner at menneske utanfor arbeidslivet og utdanningsnivå og må kunne danne grunnlag for tildeling.

Over tid har Agder fylkeskommune hatt dialog med Studiesenteret Lister Kompetanse, Setesdal IPR og Østre Agder IPR, som alle arbeider med å tilby distriktsvennleg utdanning i sine regionar. Desse aktørane har vore tydelege på at driftsmidlar er viktige for at dei skal kunne oppretthalde rolla som kompetanseformidlar.

Basert på desse tilbakemeldingane og den svært låge tildelinga til tilskot til studiesenter er fylkeskommunedirektøren positiv til at forskrifta opnar for at fylkeskommunane kan overføre midlar frå ordninga som omhandlar mobilisering til utdanning og kompetanseheving til studiesentera. Dette skaper fleksibilitet hos fylkeskommunane. Definisjonen av studiesentera blir forskriftsfesta i forslaget frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Denne definisjonen byggjer på tidlegare definisjonar som både direktorat for høgare utdanning og kompetanse og KDD har nytta i ulike kartleggingar og rapportar. Fylkeskommunedirektøren støttar definisjonen som no blir forskriftsfesta, og ønskjer å nytte høvet til å presisere viktigheita av å sikre tilstrekkeleg kapasitet og føreseielege rammer for både tilsette og studentar ved studiesentera.

Fylkeskommunedirektøren er positiv til Kommunal- og distriktsdepartementet sitt forslag til forskrift for kompetanse og arbeidskraft i distrikta. Spesielt blir forskrifta si fleksibilitet og tydelege definisjonar trekt fram som svært positivt.

Regionplan Agder 2030

Under satsingsområde utdanning, kompetanse og deltaking i Regionplan Agder 2030 står det at tilgang til god utdanning som gir rett kompetanse er grunnleggande for sosial berekraft og økonomisk vekst. God utdanning, auka sysselsetjing og moglegheit for lik deltaking i samfunnet bidrar til betre levekår, økonomisk vekst og eit godt offentleg tenestetilbod. Tilskotsordningane tilretteleggjar for auka mobilisering og tilgang til utdanning og kompetanse i kommunane med sentralitetsindeks 4, 5 og 6. Dette vil kome heile Agder til gode.

Økonomiske konsekvensar

Forskrifta vil ikkje påverke Agder fylkeskommune økonomisk.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren opplever at forslaget til forskrift er tydeleg og gir fleksibilitet. Fylkeskommunedirektøren er positiv til forskrifta som er føreslått frå KDD, men meina det er viktig å presisere i høyringa at tilstrekkeleg kapasitet og føreseielege rammer for både tilsette og studentar ved studiesentera.

Kristiansand, 23.01.2025

Tine Sundtoft
Fylkeskommunedirektør

Anita Henriksen
fylkesdirektør